

# Detaljregulering Flomstunet, Førde kommune

**Oppdragsgivar:** Atle Helle  
**Oppdrag:** Detaljregulering Flomstunet  
**Rapport type:** Planinitiativ  
**Dato:** 30.10.18

Planinitiativ



# 1 Opplysningar til kommunen

 <b>nordplan</b> arkitektur konstruksjon landskap	Prosjektnr: <b>XXXXXX</b>	Oppstartsdato: <b>30.10.2018</b>
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 <a href="http://www.nordplan.no">www.nordplan.no</a>	Kundeinformasjon: Flomstunet v/Atle Helle	
Varslingsavis: Firda Kraftselskap: Sunnfjord energi		
Prosjektleder: Ingvill Handegård Eikelund		
Medarbeidarar: Ingvill Handegård Eikelund	Sign: <i>Ingvill H. Eikelund</i>	

## Opplysningar som vert fylt inni oppstartsmøtet

Plan ID	
Saksnr kommune	
Sakshandsamar	
Ressurspersonar	
Varslingsavis	Firda
Bestille varslingsadresser	
Bestille kartgrunnlag	
Bestille evt. plangrunnlag	


### 1.1. Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planen er å legge til rette for ein 4. etasje på eksisterande bygg på gbnr. 61/117, samt renovere eksisterande bygningsmasse. Det er ønskje om å legge til rette for kontor i dei øvste etasjane, men at dagens drift i dei nedste etasjane vert vidareført som i dag, som butikklokale/treningssenter.

### 1.2. Planområdet og om planområdet vil få verknader utanfor planområdet

Adresse	Hafstadvegen 36 og 38
Areal	Ca. 3250 m <sup>2</sup>
Gnr/bnr	61/117, 61/53, 61/379
Planstatus - reguleringsplan	Ingen reg.plan for området.
Planstatus - kommuneplan	Sentrumsføremål

Planområdet ligg sentralt i Førde med viktige funksjonar og arbeidsplassar og buområde ligg i gangavstand. I dag er det lagt til rette for offentleg gangareal rundt bygningane. Det er gangveg langs Langebruvegen i aust, medan Hafstadvegen nord for bygningane er del av eit gatetun, som del av sentrum sør. Planområdet er avgrensa i eigedomsgrenser for gbnr. 61/117, 61/53, samt 61/379 (til senterlinje Langebruvegen). Det er ønskje om å diskutere plangrense i oppstartsmøte.




### 1.3. Planlagd utbygging, anlegg og tiltak

Området skal i stor grad brukast som det er i dag, men skal oppgraderast i bygningsmassen og det er ønskje om å etablere ein ny etasje for bygg på gbnr. 61/117. Nordplan AS vil på vegne av tiltakshavar utføre skisseprosjekt parallelt med reguleringsplanarbeid. Det er kompleks bygningsmasse og fleire forhold som må løysast gjennom skisseprosjektet. Målet er at skisseprosjektet skal utarbeidast fram til rammeløyve, og at dette vert i tråd med aktuell ny reguleringsplan for området.

## 1.4. Forhold til gjeldande planverk

Planområdet ligg innanfor område avsett til sentrumsføremål i kommuneplanen sin arealdel. Tiltak med kontor/service og handel vil vere i tråd med overordna plan.



Området ligg innanfor sentrumsføremål i kommuneplanen sin arealdel. Ingen reguleringsplan i området.

## 1.5. Varslingspartar

Vi legg i utgangspunktet til grunn at alle tilstøytte fagmyndigheiter, grunneigarar, naboar og andre tilstøytte blir varsla gjennom varslingsbrev og/eller annonse i lokalavisa, men at dette kjem fram i diskusjon med kommuna i oppstartsmøtet.

Forslag til aktuelle offentlege høyringspartar:

Namn	Adresse	Postnr/Stad	E-post
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863 Leikanger	<a href="mailto:fmsfpost@fylkesmannen.no">fmsfpost@fylkesmannen.no</a>
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863 Leikanger	<a href="mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no">postmottak.sentraladm@sfj.no</a>
Statens Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6861 Leikanger	<a href="mailto:firmapost-vest@vegvesen.no">firmapost-vest@vegvesen.no</a>
NVE Region Vest	Naustdalsvegen 1B	6800 Førde	<a href="mailto:rv@nve.no">rv@nve.no</a>
Sunnfjord energi			<a href="mailto:post@sfe.no">post@sfe.no</a>
Telenor kabelnett	Postboks 7150	5020 Bergen	<a href="mailto:kabelnett@telenor.com">kabelnett@telenor.com</a>
Naturvernforbundet i Sogn og fjordane			<a href="mailto:sognogfjordane@naturvernforbundet.no">sognogfjordane@naturvernforbundet.no</a>

## 1.6. Medverknad

Medverknad i plansaker følger plan- og bygningslova, kapittel 5 om medverknad i planlegginga: §5-1. Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private. §5-2. Når loven her bestemmer at et planforslag skal sendes på høring, skal forslaget sendes til alle statlige, regionale og kommunale myndigheter og andre offentlige organer, private organisasjoner og institusjoner, som blir berørt av forslaget, til uttalelse innen en fastsatt frist.

Ein legg ikkje opp til aktive tiltak for medverknad ut over naudsynt annonsering og høyringar.

## 1.7. Vurdering etter forskrift om konsekvensutredninger

Vi har gjennomgått Forskrift om konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova §§ 6, 8 og 10 (i kraft 01.07.2017). Planarbeidet omfattar vidareføring av dagens bygningsmasse med ein ny etasje på delar av gbnr. 61/117. Det er vurdert at tiltaket ikkje er omfatta av § 8 bokstav a, jf. vedlegg II punkt 13 då tiltaket ikkje vil gje vesentlige verknader. Ut i frå denne gjennomgangen ser ein ikkje at det i samsvar forskrifta vil vere nødvendig med planprogram og KU.

Ein står dermed med følgande liste for aktuelle utgreiingstema:

Alltid:

- ROS analyse
- Naturmangfald

Det er framleis ukjent om det vil bli behov for kartleggingar i tema som kulturminne/arkeologi, naturfare, naturmangfaldsspørsmål, e.a. Dette vert tema for oppstartsmøtet og høyringsfasen.

## 1.8. Særskilt aktuelle tema for diskusjon

- **Planavgrensing:** Særleg mot Langebruvegen.
- **Plannamn**
- **Parkering:** Krav til parkering, anslag ny parkeringsnorm
- **Førdepakken:** Det er planar i samband med Førdepakken i nærområdet, og desse vil vere avgjerande for overordna vegsystem og uterom i området.
- **Gangsoner:** Planar for Hafstadvegen?